

Kjære alle elevar og føresette på 5.trinn

Nok eit hausthalvår har rast av garde og me har berre ei lita skuleveke att før vi alle tar ein velfortent juleferie.



Hausthalvåret har, som hausthalvår ofte pleier, vore innhaldsrikt og travelt. Emna har vore mange og læringstrykket har me klart å halde oppe.

Vi har fokusert mykje på lesing denne hausten.

Folkebiblioteket har vore flittig besøkt og deltakinga i Norli junior sin lesekonkurranse, har for mange vore ein ekstra motivasjonsfaktor. Kanskje ligg det nokre bøker under juletrea i år?

Det hjelper å ha god symjeopplæring kvar veke! I løpet av hausten har me fått stadig fleire, trygge symjarar. Det er gledeleg og viktig.

Om me skal trekke fram ein ting me er ekstra stolte over å ha gjennomført, er det basaren vi hadde 18.oktober der vi samla inn pengar til TV-aksjonen «La barn leve i fred». Det kan vera godt å lyfte blikket frå vår eigen kvardag og småproblem. Godt er det og å få lov til å gjera noko for andre.

Denne siste veka vil me ikkje ha vekeplan med lekser.

Dei siste skuledagane vert prega av jul i form av songar, lesing, laging og hygge. I tillegg vil me halda fram med vanleg undervisning.

Tysdag 19. vert det skulegudsteneste og alternativt opplegg for dei som ikkje skal dit.

Torsdag 21. er siste skuledag. Då vert det sjåing av julespel frå 4.trinn og gang rundt juletreet i tillegg til hyggeleg avslutning i klassane. Denne dagen er det lov å ha med kjeks og brus. Elevane går til kl.14

Med dette vil me takka for eit godt samarbeid og ønskja dykk alle ei riktig god og fredfull julehøgtid.

Så sjåast me torsdag 4.januar2024

Helsing Oda, Tove, Eivind, Brita og Anne Sissel

